

## Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv. Hausten 2021

Nr	Søkjjar	Prosjektnamn	Om prosjektet/tiltaket	Tot. utg.	Søknadssum	Tilråding	Grunngjeving
1	3MDMUSA	Musikkteater "Dyrene i Hakkebakkeskogen "	<p>Årleg set teatergruppa 3MDMUSA opp musikkteater for barn og ungdom i Sunnhordland. Desse plar verte arrangert i Kulturhuset eller konsertsalen på Saghaugen. Dei siste åra har målet vore å spreie dei fantastiske verka av Thorbjørn Egner til folkesetnaden i området, i fjor med "Folk og røvere i Kardemommeby". Denne tradisjonen held me fram, då til og med bergensarane tok seg turen til Stord ved fjorårets oppsetjing. I år håper me på same suksess med "Hakkebakkeskogen". Grunna koronarestriksjonane vert derimot utgiftene høgare og inntektsføresetnadane mykje lågare.</p> <p>3MDMUSA er ei teatergruppe av og for barn og unge, då alle medlemma er ungdommar. Me håper at dette prosjektet vil bidra til framtidige skodespelar- og musikerspirer i regionen.</p>	64 800	20 000	0	<p>3MDMUSA set opp musikkteaterstykket for barn og ungdom i Sunnhordland. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>

2	4H SOGN OG FJORDANE	4H Landsleir 22	Med slagordet "Heilt lokalt!" inviterer 4H Sogn og Fjordane til 4H landsleir den 30. juli – 6. august 2022. Deltakarar i alderen 14 - 26 år frå heile landet skal få oppleve det fantastiske mangfaldet av aktivitet, tilbod og kultur som den vesle bygda, Breim og regionen vår, har å by på. Med utgangspunkt i eigen bygdekultur og kulturarv vil vi setje fokus på det store mangfaldet av kultur, dialektar, ord og uttrykk som ein kan oppleve når heile landet samlast. Gjennom synleggjering av FN sine berekraftsmål vil vi løfte blikket, men også setje fokus på korleis vi i 4H kan drive berekraftig og miljøvenleg. 4H Sogn og Fjordane er opptatt av at alle skal føle seg inkludert og trygge i våre miljø. Dette er ekstra viktig etter koronapandemien.	3 693 000	100 000	80000	4H Sogn og Fjordane inviterer til landsleir sommaren 2022 med kultur- og naturopplevingar i fokus. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e f og g. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
3	AKKS BERGEN	UFLAKKS 2022	UFLAKKS øker direkte og indirekte det rusfrie kulturtilbudet rettet mot ungdom, fra en scene som er delt av både voksne profesjonelle og unge amatører. UFLAKKS er med på å styrke arrangørkompetansen, både lokalt og nasjonalt, og bidrar til en profesjonalisering av musikkbransjen. Prosjektet består av en helårlig arrangørgruppe for nybegynnere som arrangerer konserter av og for unge, og et spesialisert mentorprogram for viderekomne, unge arrangører som samarbeider med festivalen Vill Vill Vest.	411 000	50 000	40000	AKKS Bergen søker om tilskot til UFLAKKS 2022 med mål om å styrke arrangørkompetansen og profesjonalisering av musikkbransjen i Vestland. Tiltaket har ungdom som hovudmålgruppe. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e f og g. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.

4	AKKS BERGEN	Eggstockfestivalen 2022	Eggstockfestivalen skal være en rekrutterings- og læringsarena og springbrett for regionens unge, uetablerte band, og skaper konsertopplevelser og frivillighetsmuligheter for ungdom i regionen. Festivalen gjennomføres første uken i juni, men det planlegges flere ulike, gratis kurs, møteplasser og workshops rundt i regionen for å kunne tilby kulturaktivitet av høy kvalitet til ungdom der de er. Aktivitetene holdes på ulike nivåer, og skal oppfordre til spilleglede og være med på å skape miljøer for musikk og kultur.	359 300	40 000	30000	AKKS Bergen søker om tilskot til Eggstockfestivalen2022 med m.a. møteplassar og kurs i Førde og Nordfjord i førekant av festivalen i Bergen juni 2022. Festivalen er rekrutterings- og læringsarena for unge, uetablerte band i regionen. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e f og g. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
5	ALTERNATIV JUL ASKØY	Alternativ julefeiring Askøy	Målet vårt er å tilby mennesker uten nettverk en tradisjonell julefeiring på selve julaften. Det er nisse med gaver til barna, tradisjonell norsk julemat, sang og levende musikk. Målgruppen er enslige, barnefamilier med lite nettverk og andre som ike har noen å feire jul med. Vi blir støttet av lokale bedrifter og vi gjennomfører alt på dugnad Lokalavisen har skrevet om oss: Her fra avisen Askøyværingen om 2019 arrangementet: <a href="https://www.av-avis.no/kultur/i/vQpVkw/en-ubetinget-suksess">https://www.av-avis.no/kultur/i/vQpVkw/en-ubetinget-suksess</a>	58 000	30 000	0	Alternativ jul Askøy vil invitere til julefeiring spesielt for dei som ikkje har nokon å feire jul med. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.
6	Bekkalokket Fotoklubb	4th Fjord-Bergen International Exhibition of Photography	Bekkalokket Fotoklubb er en av dei leiande fotoklubbane i Norge og Norden. Klubben har fått eit internasjonalt renommé, og har vært med å formidle norsk fotografi ut i verden. Arrangementkomiteen har lang erfaring med eit slik arrangement.	86000	10 000	10000	Bekkalokket Fotoklubb søker om tilskot til internasjonal konkurranse for amatør fotografar, med utstilling. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e og f. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.

7	BØMLO TUR OG SOGELAG	Restaurering kvernhuset på Bergeseidet i Bømlo	Kvernhuset treng restaurering. Spesielt er taket og bjelkelaget i golvet dårleg. Ettersom kvernhuset ligg langt frå allfarveg er det noko problematisk med transport dit. Arbeidet med restaureringa vert difor noko tidkrevjande. Å frakta material og anna utstyr skjer lettast med båt. Ein stor del av restaureringsarbeidet skjer på dugnad.	40 000	30 000	0	Bømlo tur- og sogelag søker om tilskot til restaurering av kvernhus. Ein kan ikkje få støtte til m.a. vedlikehald av bygg, jf. retningslinjene. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir
8	DOTLEFT	Nordisk Arbeider Filmfestivalen i Bergen - 2021	Å nå frem også til de arbeiderne som ikke er organisert med det formål at de vil se nytteverdien av å organisere seg. Engasjere og promotere lokale filmskapere som lager arbeidersentrisk filmer. Nordic Labour Film Festival - NLFF, ble startet i 2017 av filmkollektivet RåFilm i Malmo, Sverige - <a href="https://www.nlff.se/om-arbetarfilmfestivalen/">https://www.nlff.se/om-arbetarfilmfestivalen/</a> . NLFF er ikke en vanlig filmfestival, det er både filmfestival og plattform for en fremadstormende arbeiderbevegelse. Ved siden av film, så er samtaler og møter for læring fokusområdet, med sikte på å finne nye visjoner og fremtidige samarbeidspartnere/arenaer. Festivalen arrangeres 2 og 3. oktober på auditorium på hovedbiblioteket i Bergen. Det legges opp til filmvisning og debatt.	28 000	28 000	0	DOTLEFT søker om tilskot til Nordisk Arbeiderfilmfestival i Bergen 2021. Retningslinjene i tilskotsordninga slår fast at ordninga er for aktørar innan det frivillige kulturfeltet / amatørkulturfeltet og at tiltaket skal ha kulturaktivitet som hovudføre mål. Fylkesdirektør vurdere ikkje dette til å vere tilfelle gjennom søknaden, og tilrår avslag.

9	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	Konsertserie hausten 2021	<p>Eikanger-Bjørsvik har i ei årrekke formidla musikkopplevingar gjennom eigen konsertserie med profesjonelle gjestedirigentar i Bergen kvart år. For Eikanger-Bjørsvik er konsertar av denne typen særst viktig for ensembles utvikling, og er med på å heve kompetansen og forståinga av musikk hjå medlemmene i amatørensemblet. Slik eigenutvikling er viktig for at musikantene kan fortsette arbeidet med å gje inspirasjon attende til lokalmiljøet og framtidige stjerner. Særleg viktig er dette no, når me så smått er på veg ut av pandemien. Haustens konsertserie består av 2 konsertar: 10. oktober, Peer Gyntsalen: Exodus. Dirigent: Ingar Bergby. 28. november, Peer Gyntsalen: Klassisk Brass. Dirigent Garry Cutt.</p>	161 000	50 000	0 <p>Eikanger-Bjørsvik Musikklag søker om midlar til konsertserie i Bergen hausten 2021. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>
---	-----------------------------	---------------------------	---	---------	--------	--

10	FANA BIG BAND	"West coast cool" med Frank Brodahl	<p>Sjå vedlegg for skildring av prosjektet i meir detalj.</p> <p>Mål: Innstudering og framføring av spissa repertoar innan ein spesiell og særmerkt sjanger/periode av storbandjazzen, "West coast cool" representert ved Marty Paich.</p> <p>Plan for gjennomføring: Innøving på faste øvingar, fram mot intensivt prosjekt med Frank Brodahl i Bergen 2. og 3. oktober, og framføring ved Lillestrøm Storbandfestival 16. oktober under leiing av Brodahl.</p> <p>Materialet eller delar av det vil vidare bli brukt ved planlagte framføringar på Fana Kulturhus 19. oktober og på Meland Jazzkafe 26. november, og truleg også ved andre høve som måtte by seg i Bergen neste år, som Swing &amp; Sweet jazzklubb (Lille Ole Bull), Klubb Kavaler (Fensal), Underlig scene.</p>	71 500	40 900	0	Fana Big Band søker om midlar til å delta ved Lillestrøm Storbandfestival og til konsertframføringar hausten 2021. Tiltaket har ikkje tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta gjennom tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår derfor avslag.
11	FIOLINAKADEMIET	Høstseminar	<p>Fiolinakademiet er en foreldredrevet forening tilknyttet Suzuki-undervisning ved den offentlige kulturskolen. Foreningen har per i dag 47 fiolinspillende medlemmer fra 6-18 med svært mange ulike nasjonaliteter representert, og har som formål å gi et supplement til den individuelle undervisningen ved kulturskolen ved å arrangere månedlige samspillsgrupper og konserter hvor elevene får spille sammen i en stor gruppe. I tillegg arrangeres det mesterklasser og solospill med pianist.</p> <p>Høstseminaret er et årlig høydepunkt der anerkjente Suzukipedagoger inviteres og samler barn fra regionen til 2 dagers kurs med gruppespill, parent talk, kafe, konserter og mesterklasser.</p>	41 000	14 000	0	Fiolinakademiet vil invitere til haustseminar for born mellom 6 og 18 år. Fiolinakademiet er knytt til kulturskolen i Bergen, og fylkesdirektøren meiner tiltaket ikkje har tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår avslag.

12	FOSSE-STIFTINGA	Fosse bedehus som kulturhus for scenekunst og litteraturformidling	Mål: Må ha huset for å gjennomføre prosjekta våre. Kjøpt vår eigen scene. Heilt klart til å gjennomføre arrangementet. Me planlegg fleire arrangement i haust med dikt/musikk. (Anne Marit Jacobsen) og forfatterkveld med Cecilie Seines (Septologien av Jon Fosse)	620 000	300 000	0	Fosse-stiftinga søker om tilskot til å kjøpe og modernisere Fosse bedehus med mål om å etablere ein permanent stad for litteraturformidling. I følgje retningslinjene blir det ikkje gitt støtte til innkjøp og vedlikehald av hus. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden vert avslått.
13	Gamle Innvik Ullvarefabrikk	Musikal Ull innerst i sjela	I Gamle Innvik ullvarefabrikk er det gjort ein enorm dugnadsinnsats for å setje i stand den 2900m2 store fabrikk. Det er også bygd eit amfi med plass til knappe 300 publikum. I dette miljøet -og om dette miljøet er det skrive ein historisk musikal som vart vist for fyrste gong august 2021. Det var ein stor suksess, med svært gode omtale og skryt frå alle. Sjølv om det var 800 og fullt hus på musikalen i 2021, var det mange som ikkje fekk sjå den. Vi ynskjer difor å setje den opp att august 2022. Musikalen er ein historisk basert musikal som tek føre seg historia frå 1890 og fram til ny fabrikk i 1971. Det er verdt å nemne at Innvik har ullvarefabrikk den dag i dag med rundt 60 tilsette.	750 000	100 000	0	Vestland fylkeskommune tildelte midlar til produksjonen av "Ull innerst i sjela" hausten 2020, med urpremiere august 2021. Midlane gjennom tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv er i hovudsak til utviklingsprosjekt, og derfor fekk musikalen tilskot i 2020. Fylkesdirektør tilrår avslag på søknaden.

14	GESTAPOMUSEETS FORENING	Dokumentasjonsprosjekt	Gestapomuseets forening søker om tilskot til dokumentasjonsprosjekt som kan formidlast ved museet og danne grunnlag for nye undervisningsopplegg. Se vedlegg.	130 000	39 000	35000	Gestapomuseets forening søker om tilskot til dokumentasjonsprosjekt som kan formidlast ved museet og danne grunnlag for nye undervisningsopplegg. Søknaden stettar vurderingskriteria b, c, d, e f og g. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
15	Hamp og Havstril (Tett på havet - Bekkjarvik)	Skjebnar ved Kysten	Historie og plot Handlinga blir utforma i form av songformidling og dialog i form av ein konsertforestilling. Handlinga tek for seg korleis samfunnet var bygd opp rundt 1900-talet, med vår eigen familie som eit av døma på korleis tidsånden var. Nokre av dei reiste til Amerika for å skaffe seg nye levebrød. Vi ynskjer å skildre fiskarkonene med deira oppgåver og kvardagsliv. Fiskarmiljøet blir også skildra, både i lokalsamfunnet med deira utfordringar om samarbeid med andre og fiskerihistoriar på "Børsen". I tillegg skildrar vi korleis religion (konfirmasjon), tru og overtru kunne ha avgjerande betydning for korleis ein klarte seg. Historia ender med ein gledeleg hending, då basen og mannskapet seiler innover vågen og det ender godt.	506 000	50 000	0	Hamp og Havstril søker om tilskot til å sette opp friluftsfamsyning i Austevoll. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.

16	KJØLSDALEN MUSIKKLAG	Felles seminar for skulekorpsmusikanter i Stad kommune	Målet er at alle skulekorpsmedlemmene i kommuna skal få eit musikalsk løft og gode opplevingar med instrumentet denne helga, og bli inspirerte til å øve og spele meir og dermed bli betre og ha det kjekkare i korps. Dette gjer ein ved å leige inn "dei beste" korpsmusikantane/-ambassadørane i landet til å instruere dei unge, lokale musikantane våre. Dei unge vert delt inn i gruppar etter instrumenttype og alder/ferdigheitsnivå og knytter på denne måten også band til musikantar i andre korps. Seminaret vert arrangert i Operahuset Nordfjord /Eid vidaregåande skule og dagen vert avslutta med konsert med Eikanger-Bjørsvik musikklag i Operahuset Nordfjord.	200 000	100 000	0	Korpsa i Stad kommune vil bli invitert til felles seminar i mars 2022. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.
17	Kor Rocka	Debutkonsert med Kor Rocka	Kor Rocka er et tilbud til amatørsangere, som vil oppleve et kor som er litt annerledes enn vanlige blandakor, med et rytmisk repertoar og med et profesjonelt band som fast samarbeidspartner. Hensikten er å spre sangglede og vektlegge rytmisk musikktradisjon, med både norske og utenlandske artister, både soloartister og band. Utvalget av låter er tatt fra rockens og popens øverste hylle. Tilbakemeldingen fra kormedlemmene er at de har savnet et slikt kor i Bergen. Dette prosjektet er det første av sitt slag i Bergen, ja, kanskje i Norge. Inspirasjonen kommer fra Storbritannia, der de har Rock Choir. Det blir også veldig publikumsvennlig, med høy allsangfaktor. Tanken bak er også å rekruttere flere korsangere, som kan finne glede i kor.	50 000	20 000	0	Det blir søkt om tilskot til debutkonserten til Kor Rocka i Åsane kulturhus i desember. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.

18	KROHNENGEN BRASS BAND	Krohnengen Brass Band sitt talentutviklingsprogram	Talentprogrammet består av Solistkonsert, sit-in med skolekorps, hospitantordning, KBB talent og samlingen KBB UNG. Vår målsetting er å ivareta og utvikle korpsmusikk og korpsaktiviteter for egne musikanter i samspill med skolekorpsmusikanter i Vestland fylke. Gjennom inkluderende, motiverende og kompetansehevende tiltak bidrar talentprogrammet til utvikling av individuelle og kollektive ferdigheter i et musikalsk fellesskap på tvers av alder, kjønn, seksualitet, kulturell- og sosial bakgrunn. Målet er at tiltaket/aktivitetene skal skape spilleglede og inspirasjon hos unge musikanter, som igjen bidrar til at de fortsetter med musikk, samspill og ressurspersoner i eget skolekorps.	260 000	60 000	40000	Krohnengen Brass Band sitt talentutviklingsprogram har deltakere frå heile Vestland fylke. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e og f. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
19	KULTURKYRKJA ONARHEIM	Reparasjon av kyrkjeorgel	Kulturkyrkja på Onarheim har stått bak mange suksessfulle både konsertar, foredrag og teaterframvisningar dei seinaste åra og ein har eit sterkt ynskje om å fortsetja med å engasjera så vel lokale som nasjonale artistar til ulike former for kulturformidling. Kyrkjeorgelet har i lang tid vore i dårleg forfatning og er no vorten heilt ubrukeleg. Ein har fått tilbod om reparasjon frå ein røynd orgelreparatør, og kontrakt vart inngått 20.08.20. Oppstart er planlagt våren 2022. Arbeidet vil ta om lag 8 månader og totalkostnad er budsjettert til 1,3 millionar kroner.	1 299 581	100 000	0	Kulturkyrkja på Onarheim søker om tilskot til reparasjon av kyrkjeorgelet. I følgje retningslinjene blir det ikkje gitt støtte til innkjøp og vedlikehald av hus, utstyr og instrument. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden vert avslått.

20	LUNGEGAARDENS MUSIKKORPS	Nytt regionalt ungdomskorps - Lungegaardens Ungdomskorps	<p>Lungegaardens Musikkorps jobber hardt og godt satser nå mye på å komme styrket ut av pandemien nå når den går mot slutten. Vi ønsker å bidra til at alle ungdommer i bergensregionen som ønsker å komme sammen å spille på et litt høyere nivå enn det daglige i skolekorpset. Derfor drar vi i gang til høsten 21 ett nytt musikkorps.</p> <p>Lungegaardens Ungdomskorps. Et prosjektkorps som skal være GRATIS for skolekorpsmusikanter fra ca ungdomskolen og oppover.</p> <p>Lungegaardens Musikkorps satser friskt med å etablere et nytt musikkorps som er rettet mot alle byens skolekorpsungdommer.</p> <p>Lungegaardens Ungdomskorps. Vi vet det er stort frafall i ungdomsgruppen i skolekorpsene fortiden pga pandemien.</p> <p>Sjå heile teksten i vedlegg</p>	261 000	100 000	0	<p>Lungegaardens Musikkorps vil invitere ungdom frå heile fylket til å delta i eit regionalt ungdomskorps.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer ikkje tiltaket til å tilstrekkeleg regional verdig til å kunne blir støtta gjennom ordninga, og tilrår at søknaden blir avslått.</p>
----	--------------------------	--	---	---------	---------	---	--

21	MANNKORET ARME RIDDERE	umskonsert i anledning Mannskoret Arme Riddere sitt 25-årsjubileum 2021.	Et jubileum med Mannskoret Arme Riddere er en stor begivenhet, med sitt eget jubileumslaug, jubileumsrepertoar, jubileumsbudsjett, jubileumsbrygg, jubileumsplate, jubileumsbok og mye mer. Høydepunktet med jubileet er selve jubileumskonserten. Konserten er det vi søker støtte til å gjennomføre. Utallige timer har allerede blitt lagt ned av korets aktive medlemmer i planlegging og innøving av repertoaret, til tross for store vanskeligheter grunnet Covid-19. Jubileet er en oppsummering av historien vår, og det er en feiring av det vi som mannskor representerer: Sang i festlig kameraderi. Det er også en ypperlig anledning til å samle studenter, både i og utenfor kormiljøet, for vår største målgruppe er nettopp studentene i Bergen.	98 750	30 000	0	Mannskoret Arme Riddere søker om tilskot til gjennomføring av jubileumskonsert i høve 25-års jubileum 2021. Tiltaket har ikkje tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta gjennom tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår derfor avslag.
22	NFU VESTLAND FYLKESLAG	NFU Konferanse om bolig, organisasjon og arbeid/aktivitet	Samanslåing av fylka Sogn og Fjordane og Hordaland førte til at NFU sine fylkeslag måtte slåast saman og. Dette vart gjort på eit digitalt årsmøte i april 2020. Digitalt fordi eit lite virus, Covid-19 satte ein effektiv stoppar for fysiske møte. Sidan den gong har alle møte vore digitale og medlemmane fra Sogn og Fjordane og Hordaland har aldri møtt kvar andre fysisk sidan før Covid-19. Det har vore eit tungt og vanskeleg år for tillitsvalde og medlemmar då alle aktivitetar og møtestader har vore stengt. Alle veit at det er tungt å koma i gong att og difor vil fylkesstyret forsøka med ein konferanse å gi dei tillitsvalde og medlemmane ein "ny giv" og inspirasjon til å fortsetja den gode jobben som vert gjort rundt i kommunane.	150 000	30 000	0	NFU Vestland fylkeslag søker om tilskot til konferanse om m.a. bustadpolitikk, organisasjonsutvikling, arbeid og aktivitet. Søknaden fell ikkje inn under føremålet i tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.

23	Nordhordland spel- og dansarlag	Juniorsamling 2021	Me ynskjer å skipa til Juniorsamling for barn og unge hardingfelespelarar i Vestland. Juniorsamlinga er ei samling for unge hardingfelespelarar i fylket. Målet er å samla minst 30 born og unge til ei spelsamling, over ei helg. I løpet av helga vil dei læra slåttar og samspel, speleteknikk og vera innom ulike rytmar i norsk folkemusikk. I tillegg til dette er samlinga viktig for at dei unge skal få eit miljø dei kan kjenne seg heime i, slik at dei vert motiverte til å halda fram med aktiviteten. Det er viktig å få med heilt ferske felespelarar, og å ha eit tilbod til ungdommar som har spelt ei stund. På samlinga har me med oss engasjerte og dyktige pedagogar innan folkemusikk. Deltakarane vert delt i grupper etter alder og nivå.	92 000	40 000	30000	Nordhordland spel- og dansarlag søker om tilskot til Juniorsamling 2021 for unge hardingfelespelarar i Vestland. Søknaden stettar vurderingskriteria a, b, c, d, e og f. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
24	OLSVIK SOKN	Kulturfest	Målet er å videreføre arbeidet utstillingsgruppen som først startet det for 20 år siden. I tillegg vil vi skape en relevant kulturarena med hjerte for menneskene i Olsvik menighet som inkluderer flere kunstsjanger. Med det vil vi styrke frivillig engasjement og fjerne avstanden mellom kirke og samfunn. Utstillingen holder på er i nedre delen av kirken parallelt til program i kirkerommet oppe 1-2 ganger pr. festivaldag. Artistene, teknikere, lydutstyret og backenden blir leid inn, kunstnere bidrar med kunsten sin som blir utstilt.	697 106	20 000	0	Olsvik sokn søker om tilskot til kulturfestival i Olsvik kirke. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.

25	OMI TEKST & FOTO Oddrun Midtbø	Bokprosjekt om Harastølen	Målet er ei praktbok som formidlar historia til Harastølen. Tidsånden i dei ulike epokane og spor etter levd liv - i form av fotografi og kunst. (1. 1902 – 1958: Lyster sanatorium for tuberkulosepasientar frå heile landet. 2. 1959 – 1991: Luster psykiatriske sjukeheim for pasientar frå vestlandet. 3. 1993 – 1995: Asylmottak for flyktningar frå Bosnia – drive av Hero. 4. 1995 – 2021: Forfall, kaos og redninga) Med Skald Forlag på laget, er eg trygg på at boka vil få den kvaliteten eg ønskjer. Det er mange historier og mytar knytt til bygninga, og plassen vekker stort engasjement hjå folk i heile landet. Det er ikkje tidlegare gitt ut bøker om dei ulike epokane frå denne staden. Planen er boklansering våren 2023.	545 000	100 000	0	OMI TEKST & FOTO søker om tilskot til bokprosjekt om historia til Harastølen i Luster. Det er også søkt om tilskot til prosjektet i ordninga "tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonelt kunst og kultur", og søknaden blir tilrådd avslag i ordninga for frivillig kulturliv.
26	OPERAKYSTEN	OperaKystens høstturne 2021	OperaKysten sin haustturnè: Sandane 27.10, Florø 28.10, Svanøy 29.10 og Eikefjord 30.10. Ensemblet er to songarar (Nora Oleanne Sårheim og Eivind Kandal) og ein musikar (Andreas Løken Taklo på piano/flygel). Gjennom eit ca 50 minutts program tek dei publikum med på ei reise i opera- og operetteverda, alt bunde saman av forteljingar om dei verka ein får høyre frå. Vi har knytta oss til lokale arrangørar, der dei kan lage ein heilaftan for publikum, med matserving. På denne måten kan vi saman med lokale krefter syte for meir aktivitet i lokalsamfunnet. På to av stadane vil det dessutan bli eit gratis arrangement for eldre på institusjon/i omsorgsbustad i samarbeid med andre frivillige organisasjonar.	172 000	60 000	0	Operakysten inviterer til turne med fire framсыningar i to kommunar. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.

27	RADIO TAMIL / THEN TAMIL OSAI	Radio program angående om Barn, ungdom og sosiale medier	<p>I dag har de aller fleste barn og ungdom har tilgang til internett, på skolen , gate og hjemme. De er veldig opptatt med medier. Medier inneholder mange forskjellige ting.</p> <p>Fleste tamilske foreldrene har veldig lite kunnskap om regler for dataspill. Både unger og foreldre trenger råd om Medier.</p> <p>Ungene har veldig lite fysiske aktiviteter, lite sovn, lite sosial samvær. Mange ungdommer opplever nettmobbing.</p> <p>Vi kan gi dem råd og veiledning gjennom programmet.</p>	39 000	29 000	0	Radio Tamil søker om tilskot til å lage radioprogram om barn, ungdom og media. Søknaden fell ikkje inn under føremålet i tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.
28	Radio Tamil Bergen	Helse	<p>Det er veldig mange tamiler som blir rammet av sykdommer som kreft, blodtrykk, diabetes og hjerte svikt i dag. Det er flere og flere som mister sine liv i unge alder på grunn av dette. Mange blir uføre i tidlig alder, og havner som hjemmeværende eller på syke hjemmene. Dette blir en stor belastning for dem og fører til store mentale lidelser.</p> <p>Noen av grunner til dette kan være, at de ikke har god nok kjennskap til disse sykdommer, og dermed ikke tar symptomene på alvor. At de ikke har nok kunnskap om behandling, hjelp og ikke har nok norsk kunnskap for å forstå.</p> <p>Det er mange som lider av psykiske problem og ikke tar kontakt med psykolog, for å få hjelp.</p>	73 000	58 000	0	Radio Tamil søker om tilskot til å lage radioprogram om barn, ungdom og helse. Søknaden fell ikkje inn under føremålet i tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.

29	REGNCON	Regncons årlige spillfestival	Målet for tiltaket er å skape en plattform for spillinteresserte hvor de kan møtes, få nye bekjenskaper, spille spill de ikke har tilgang til selv, og skape opplevelser i fellesskap. Vi ønsker også å være en plattform hvor grundere kan promotere sine spillidéer og få prøvd ut disse. Vi ønsker videre å rekruttere flere ungdommer til både festivalen og styret; i dag har vi Grethe Cirashrii Just-Olsen som yngste styremedlem på 16 år. Regncon har lang tradisjon for gjennomføring av spillfestivaler. I år vil det bli avholdt på Quality hotel Edvard Greig på Sandsli. Vi er totalt 7 styremedlemmer som sammen planlegger programmet, skaffer frivillige spillere og løser små og store problemer gjennom festivalen.	87 691	15 000	10000	Regncom søker om støtte til spelfestival med deltakere fra hele Vestland. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e f og g. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
30	SMILENDE ANSIKTER	Barnekulturfest	Med dette prosjektet vil barna oppleve sine egne kulturer og bidra til kulturelt mangfold gjennom interkulturell interaksjon. Mål av Prosjektet 1.Presentere scenekunst og visuell kunst for å fremme og overføre kulturarv og gi samfunnet mulighet til å øve 2.Å skape bevissthet med barn for å fremme kulturarven og overføre den fra generasjon til generasjon 3.Støtte barns deltakelse i frivillige kulturaktiviteter 4.Fremskynde integrering og inkludering av innvandrerbarn i samfunnet gjennom	30 800	16 030	0	Smilende ansikter inviterer til barnekulturfest med barn og unge, og spesielt tyrkiske flyktninger, som målgruppe. Fylkesdirektøren meiner tiltaket ikkje har tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår avslag.

31	Sogn og Fjordane fylkeskunstlag	Etablering av fylkeskunstlag for Vestland fylke	<p>Mål: Etablere eit fylkeskunstlag for Vestland fylke som skal bidra til å nå følgjande mål:</p> <p>a) Bidra til at flest mogleg personar i heile Vestland får oppleve profesjonell kunst. b) Bidra til at dei lokale kunstforeiningane i Vestland er kvalitativt gode formidlingsaktørar for profesjonell kunst og har gode råmer for verksemdene.</p> <p>Måla skal vi bidra til å nå gjennom å: a) Å ha ein aktiv dialog med lokallaga og bidra til felles aktivitetar etter ynskje og behov b) Bidra i høve einskildlag som slit, eller lokalsamfunn som ynskjer å etablere lokallag. c) Vere ein regional samarbeidspart for formidling av profesjonell kunst d) Vere ein pådrivar for å utvikle og gjennomføre nasjonale, regionale og lokale kunststrategiar.</p>	200 000	200 000	100000	Sogn og Fjordane fylkeskunstlag tar initiativet til etableringa av fylkeskunstlag for Vestland fylke. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c og d. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
32	SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG	Kulturbyggkonferanse 2022	2022 er Frivilligåret. Korleis kan organisasjonseigde hus legge til rette for ny aktivitet etter corona-pandemien og kva rammevilkår må på plass for at dette skal vere mogleg? Viktig å sette fokus på den verdien husa har lokalt. Dei treng ein møteplass der dei kan diskutere felles problemstillingar og få auka kompetanse. Vi ønskjer å invitere inn eit breitt spekter av føredragshaldarar, både frå det private næringslivet, offentlege institusjonar og frivillig kulturliv.	140 000	60 000	50000	Sogn og Fjordane ungdomslag vil som del av satsinga "Huset i bygda" invitere eigarar av organisasjonseigde kulturbygg i Vestland til kulturhuskonferanse i 2022. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d og e. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.

33	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i veiten	Formidlingsprosjekt - 3 kortfilmer	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten søker om midlar til eit formidlingsprosjekt med tre kortfilmar om motstadsaktivitet, fangen sitt vitnesbyrd og kvinner som fangar og motstandsfolk. Se vedlegg	135 000	45 000	40000	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten søker om midlar til eit formidlingsprosjekt med tre kortfilmar om motstadsaktivitet, fangen sitt vitnesbyrd og kvinner som fangar og motstandsfolk. Søknaden stettar vurderingskriteria b, c, d, e f og g. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
34	STIFTELSEN NYE FYLLINGSDALEN TEATER	RØST	I Røst samarbeider mentorer fra den etablerte filmbransjen med nyutdannede filmarbeidere, unge skuespiller og filmtalent, samt ungdom som vil teste ut filmproduksjon for første gang. Målet med Røst er at unge skuespillere, manusforfattere, produsenter og andre filmfunksjoner skal få vist seg fram og via Røstfilmene levere arbeid som de kan benytte videre i sin faglige utvikling, i showreeler med mer kan disse filmene være del av erfaringen som gjør at de forhåpentligvis får et lite springbrett inn i den profesjonelle filmbransjen. Og ikke minst at de via Røst kan levere og vise egne uttrykk.	566 256	100 000	80000	RØST er talentutviklingsprosjekt for unge skodespelarar og filmtalent i Vestland. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e f og g. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.

35	STUDENTHUSET MEIERIET	VEKAO 2022	Musikkfestivalen VEKAO er drevet av frivillige studentar i Sogndal og har ei forankring i bygda etter 21 år. Ein festival som er utanfor sommarsesongen og dermed er ein viktig kulturaktør i Sogn. Målet til VEKAO har alltid for "For alle, heile VEKAO". Med det som motto jobbar festivalen stadig med å kunne tilby eit breitt spekter av musikksgjanger, men også kulturtilod på dagtid. Modulen for festivalen er 10 dager i mars fylt med konsertar, foredrag, podcast og dagsarrangement. Der fokuset er å ha med lokale aktørar og anerkjente artistar. I fjor blei festivalen ein godkjent bærekraftig festival som vil sei at alle val festivalen gjer vil miljø ligge i fokus. Dette arbeidet vil festivalen halde fram med.	1 050 000	64 000	0	Studenthuset Meieriet søker om tilskot til musikkfestivalen VEKAO 2021. Tiltaket har ikkje tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta gjennom tilskotsordninga, og fylkesdirektøren tilrår derfor avslag.
36	SUND SOGELAG	Havstrilen (Kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden) vert utgjeven av Museum Vest, Fjell kulturminnelag, Sund sogelag og Øygarden sogelag.	Årboka "Havstrilen" har vorte gjeve ut kvart år sidan 2001. Representantar for Sund sogelag og samarbeidspartnarane Fjell kulturminnelag, Øygarden sogelag og Museum Vest arbeider jamt gjennom året med å skaffa stoff til «Havstrilen 2021». Årboka vil bli prenta og lansert i november 2021. Sund sogelag har kvart år ansvar for å skaffa 4–6 artiklar med eldre og nyare stoff frå vårt område. Sidan det kan vera vanskeleg å få balanse i økonomien, har Sund sogelag gjev eit lite tilskot til årboka dei sju siste åra. Eit eventuelt tilskot frå fylkeskommunen vil gå til prosjektet «Havstrilen 2021».	190 000	8 000	0	Sund sogelag søker om tilskot til å gje ut Havstrilen, kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.

37	UL SAMBYGDINGEN	Kafé med strikk	Det bør være en leder for kafeén. Jobber frivillig. Ønsker å kjøpe inn ulikt garn, fra lokal produsent (Hillesvåg). Vi ønsker å kjøpe et hespetre. Vi ønsker tilgang på ulike oppskrifter, og ulike håndarbeidsteknikker. Målet er å samle unge og eldre til felles prosjekter. Vi kan i utgangspunktet møtes 1-2 ettermiddager i uken (da melder også yngre seg på). Lavterskel, skal ikke være en utgift for deltakere.	10 000	10 000	0	UL Sambygdingen i Alversund søker om tilskot til kafé med strikk. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir
38	VESTLAND FYLKESKYSTLAG	Utstyr til Oselvar-åtrring	Åttringen er bygd på Hordamuseet av Berit Osmundsen som ein del av hennar treårige handverkarstipend. Formell eigar no er Norsk Handverksinstitutt. Vestland Fylkeskystlag er invitert til å overta eigarskapet og er i dialog med Hordamuseet og Lyngheisenteret om at båten kan veksla på å ha base mellom desse to institusjonane. Båten vert levert med råseglrigg, men bør også riggast med sprisegl for å kunne visa ulike segltradisjonar. Det vil vera ein fordel å kunne sjå rigging for råsegl og sprisegl som ein samla prosess vinteren 2021-2022. For at båten skal kunne transporterast sikkert med bil langs landevegen bør båten ha ein kraftig båttilhengar. Båten er 8 meter lang og med fullt tilfar vil vekta verta 250-300 kg.	87 000	40 000	35000	Vestland fylkeskystlag søker om tilskot til å utstyre oselvar som skal brukast til formidling og undervisning, i samarbeid med regionale museum. Søknaden stettar vurderingskriteria a, b, c d og e. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
				<b>13 453 784</b>	<b>2 206 930</b>	<b>580 000</b>	